

Rapport – Manger Musikklag til WMC 2017

Rekneskapen er no avslutta, og her er rapport for Manger Musikklag (MML) si deltaking i World Music Contest (WMC) 2017. WMC er ein internasjonal konkurranse for brass band, wind band og fanfare band som vert arrangert kvart 4. år. Manger Musikklag var regjerande meister i Championship Division Brass Band frå WMC 2013, og var invitert til å delta i konkurransen i 2017 for å freista å forsvare tittelen.

Som opplading til konkurransen hadde Manger Musikklag eit opphald i den Nederlandske byen Leeuwarden 2. - 7. juli, der dei øvde til konkurransen med sin dirigent Allan Withington. MML fekk låne øvingslokale hjå det lokale korpset Soli Brass, som dei og spelte konsert saman med torsdag 6. juli. MML tok og del i Allan Withington's Conductor Summer School i Leeuwarden denne veka. Fredag 7. juli reiste MML med buss til Voerendaal, der dei spelte konsert saman med det lokale fanfare-korpset Fanfare Saint Gabriel, før turen gjekk vidare til Kerkrade deltaking i WMC.

Konkurransen føregjekk i konsertsalen Rodahall i Kerkrade, med framføring av pliktnummer laurdag 8. juli og sjølvvalt program sundag 9. juli. I alt konkurrerte 10 band frå 6 ulike nasjonar i Championship Division i kategorien Brass Band. Brassband Willebroek frå Belgia vann, medan Manger Musikklag enda på ein 4. plass denne gongen. Mandag 10. juli spelte MML på WMC sin gallakonsert saman med Carlton Main Frickley Colliery Band frå England.

Totalt kom utgiftene til dette prosjektet på 435 921 kr. og det vedlagte regnskapet viser eit resultat på -10 335 kr. Dei fleste utgiftene vart noko høgare enn budsjettert, og dette skuldast mellom anna at MML organiserte reise og opphald for fleire tilhengjarar enn planlagt.

For Manger Musikklag,

Kirsti Loe